

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 21.06.2012

### SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- VAL AV MEDDOMMARAR TIL  
NORDHORDLAND TINGRETT 2013 - 2016
- VAL AV FORLIKSRAÐSMEDLEMMER  
2013 - 2016
- VAL AV  
LAGRETTEMEDLEMMER/MEDDOMMARAR TIL  
GULATING LAGMANNSRETT 2013 - 2016
- VAL AV SKJØNNSMENNSKANDIDATAR  
2013 - 2016
- VAL AV JORDSKIFTEMEDDOMMARAR TIL  
SUNNFJORD OG YTRE SOGN  
JORDSKIFTERETT 2013 - 2016
- VAL AV STYREMEDLEM TIL GULEN  
FISKARBONDEMUSEUM
- PARTNARSKAP FOR FOLKEHELSE
- SAMLOKALISERING AV LOKALMEDISINSKE  
TENESTER I EIT HELSEHUS
- SAMHANDLINGSREFORMA. DELAVTALAR  
MELLOM GULEN KOMMUNE OG HELSE  
FØRDE HF
- GODKJENNING AV ÅRSMELDING
- GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 12.00  
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på  
internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordfører

## Ynskjer du varsling om driftsproblem på kommunen si vassforsyning per SMS eller e- post?

Det kan av og til oppstå driftsforstyringar i samband med vassforsyninga til våre abonnentar. Dette kan vere alt frå planlagt vedlikehald som medfører redusert trykk / bortfall av vatn i korte periodar, til større leidningsbrot og forureiningar inn på leidningsnettet.

Normalt vert planlagt vedlikehald som påverkar større grupper abonnentar varsla gjennom posten eller kunngjort i lokalavisene, samt på vår heimeside [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

Når det gjeld andre typar driftsproblem, er desse som regel uråd å varsle på førehand, og det er då viktig at vi får sendt ut informasjon til abonnentane det gjeld så raskt som mogeleg etter at problema er oppdaga. Dette gjeld t.d. ved kokevarsel eller leidningsbrot.

Då dei aller fleste husstandar disponerar enten mobiltelefon eller e-post, vil dette vere ein effektiv måte å sende ut nødvending informasjon direkte til dei det angår. Vi ber dykk difor om å registrere nødvendige kontaktopplysningar på vår heimeside: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

Dette for å vere sikre på at vi har korrekt kontaktinformasjon.

### Viktig:

- Vi treng ditt kundenummer. Dette kan de finne på fakturaen for kommunale gebyr/eigedomsskatt, og er eit fem-sifra nummer som startar med talet «3» (døme: 30261).
- Vidare må du registrere kva vassforsyning det gjeld (Eivindvik eller Hovden-Eidsbotn-Sløvåg).
- Til slutt må du velje kva varsling du ynskjer; **SMS** og/eller **e-post**. Du kan velje begge deler, men hugs å kontrollere at du har oppgitt korrekt mobilnummer og e-postadresse!

Merk at du kan registrere fleire på same kundenummer etterpå, slik at t.d. andre i husstanden óg får tilsendt varsling.

Dersom de ikkje har tilgang til e-post eller internett, kan de ringe inn opplysningane direkte til telefon **57 78 20 43**.

## Plan-nytt



Nærare informasjon finn du på heimesida

[www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt](http://www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt)

I dag pågår 26 arealplanar, blant anna følgjande:

### **Kommunedelplan for Sløvåg – Steine – Skipavik:**

Godkjenning av kommunedelplan er planlagt i formannskapsmøte 07.06.2012 og Kommunestyremøte 21.06.2012.

### **Kommunedelplan for Eivindvik:**

Høringsrunde for 1. gongs offentleg gjennomsyn er avslutta og merknader blir vurdert.

Det er planlagt 2. gongs høyring etter sommarferien.

### **Kommunedelplan, IKP Fensfjorden:**

Høringsrunde er avslutta og før sommarferien blir merknader vurdert i arbeidsgruppa.

### **Kommunedelplan for Trafikktrygging:**

Planarbeidet for planen pågår.

### **Kommuneplanen for Gulen kommune:**

Planstrategi ligg ute på høyring med frist 16.06.2012

Planoppstart for rullering samfunnsdelen og arealdelen er planlagt etter sommarferien.

### **Reguleringsplanar:**

\* Godkjenning av Plan for:

- Flolid hyttegrend vest, KOM 21.06.12
- Bustadfelt, gbnr. 95/7, Byrknes, HPU 08.06.2012
- Ferjekai Oppedal, E39, HPU 08.06.2012

\* 1. gongs offentleg gjennomsyn:

- - Merkedalsvågen, gbnr. 94/1, HPU 08.06.12
- - Vatsvik hytter, 83/4,5, endring
- - Tausevågen, gbnr. 95/19+, Byrknesøy

\* Administrativ vurdering av planforslag avslutta:

- - Krekebærtua, gbnr. 94/5, Bremnes
- - Kvernevågen, spreidd bygningar

\* Planarbeid pågår:

- Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1 Nyborg
- Planoppstart høyringsrunde er avslutta.
- Skipavika næringspark, gbnr. 79/4,33
- Og 10 andre planar.

## Planstrategi 2012 - 2015

Gulen formannskap har vedteke å sende ut framlegg til planstrategi for inneverande valperiode. Framlegget skal handsamast i kommunestyret den 21.06.2012.

Viktige punkt i framlegget:

- Arealdelen av kommuneplanen skal rullerast i 2012/-13
- Strategiane i samfunnsdelen skal reviderast i same tidsrommet.
- Det skal utarbeidast plan for oppvekstsektoren i 2013.

Du kan lese heile framlegget på heimesida vår, [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

Innspeil til framlegget kan sendast innan 15.06.2012 til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik eller per e-post til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no).

### **Kandidatar til ulike domstolsutval**

I kommunestyremøte den 21. juni skal det veljast medlemmer/meddommarar til

- Forliksrådet
- Nordhordland tingrett
- Gulating lagmannsrett
- Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett
- Skjønnsmedlemmer til Nordhordland domssokn

I følgje domstollova skal framlegget leggest ut til offentleg ettersyn i 2 veker. Valnemnda si innstilling vert klar den 6. juni. Oversyn over kven som vert føreslege til dei ulike utvala vil då verte lagt ut på heimesida [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no), og i ekspedisjonen på kommunehuset.

## Ny medarbeidar i Barneverntenesta

Ann Helen Engesæter tek til som barnevernskonsulent i august, når Karol Svanøe reiser tilbake til Høgskulen i Vestfold.

Vi takker Karol for god innsats for Gulen kommune og ynskjer ho lykke til vidare!

## Fleire nye medarbeidar i Gulen kommune

Vi har tilsett fleire nye medarbeidarar denne våren. Nokre av dei er:

- Kjell Eide. 56 år. Tilsett som **einingsleiar for plan, landbruk og teknisk** frå april 2012. Han kjem frå stilling som plan og utviklingssjef i Hyllestad kommune.
- Christine Loutchan. 30 år. Tilsett som **leiar for ekspedisjonsavdelinga** frå september 2012. Ho kjem frå stilling som sekretær ved same avdeling i Gulen kommune.
- Ingvild Margrethe Høydal. 31 år. Tilsett som **kulturkonsulent** frå september 2012. Ho kjem frå stilling som praktikant ved Den norske ambassade i Argentina
- Espen Selvik. 52 år. Tilsett som **leiar for Gulatinget Tusenårsstaden** frå august 2012. Han kjem frå stilling som rådgivar i Nansen Human Foundation/ kunstnerisk leder i Rekstensamlingene
- Ann Helen Engesæter. 29 år. Tilsett som **barnevernskonsulent** frå august 2012. Ho kjem frå stilling som pedagogisk leiar.»

## Støttefamilie/besøksheim

Er de den familien som ynskjer å dele av dykkar tid med andre?

Barneverntenesta i Gulen treng fleire støttefamiliar.

Ein støttefamilie er ein familie som kan romme andre barn, og la desse borna vere ein del av familien. Me treng familiar som er aktive, kreative, og som kan gje omsorg og nærleik. Dei som kunne tenkte seg å vere ein ekstraressurs for andre, kan ta kontakt med oss. Familiar som blir brukte må leggja fram nyare politiattest. De vil få ei godtgjersle for å vere ein støttefamilie, og de vil få rettleiing.

Vil du vite meir, ta kontakt med oss!!  
Helsing Jane Hesjedal og Karol Svanøe  
-Telefon 57 78 20 60 eller 57 78 20 61

## Gulen helsestasjon åpningstider sommar 2012

Helsestasjonen i Eivindvik er bemanna kvar veke i sommar måndag til fredag. Redusert opningstid veke 29 og 30 då er den open måndagar og torsdagar. Helsestasjonane på Byrknes og Brekke er ferielukka veke 30.

## Hjartleg takk

Gulen kommune har gitt eit flott bidrag i årets «*Krafttak mot kreft*».



Årets «*Krafttak mot kreft*» gjekk til forskning på kreftformer som få overlever. Omfattande kreftforskning gjennom mange år har ført til at 2 av 3 kreftramma overlever, men det finns fortsatt kreftformer som tar mange liv. Ved å ha støtta årets Krafttak har ein bidrege til eit skikkelig forskingsløft på dette område. Me kan vere stolte over at Gulen kommune har vore med å bidra til dette og at på den måten har gitt forskarane moglegheita til å forske meir.

Heile 29 875,- kroner fekk bøsse berarar i Gulen kommune inn dette året.

Me vil derfor rette ein stor takk til alle gjevarar rundt om i kommunen vår både for gjestfriheit og gåvmildheit når me kom på dørene!!

Me ynskjer å rette ein stor takk til kvar enkelt bøsseberar som gjorde ein flott innsats for ei god sak. Og ikkje minst ein stor takk til dei lag og organisasjonar me samarbeida med og som gjorde til at heile vår flotte kommune kunne delta. Tusen takk til; Ytre Sogn Sanitetslag, Dalsøyra idrettslag, Brekke helselag og Eivindvik ungdomslag.


Mvh  
Ressurssjukepleiarane i kreftomsorg og lindrande behandling i Gulen kommune  
Mvh Nina Haveland og Linda Hantveit

## Gåve til helsestasjonen

Tusen takk til Brekke bygdekvennelag som har gjeve ei elektronisk spebarnsvekt til Brekke helsestasjon.

Helsing Hennie K. Lefdal, leiande helsesøster

## Kronerulling Gulen Fotballklubb - egenkapital kunstgrasbana på Dalsøyra



Gulen Fotballklubb skal inn med egenkapital til kunstgrasbana på Dalsøyra. Me set i gong kronerulling slik at klubben slepp låne meir enn naudsynt. Gulen fotballklubb har mange lag i seriespel i aldersbestemte klassar, og bana vert eit positivt løft for fotballen i Gulen og Masfjorden. Kunstgrasbana er eit stort tiltak for heile kommunen og det har ein kostnad på over 5 millionar. Bana er eit samarbeidsprosjekt mellom Gulen FK og Dalsøyra Idrettslag med støtte frå spelemidlar, næringsliv og kommune. Planen er at bana vert klar i juni. Initiativtakarar gjev med dette kr. 1.000 kvar og oppfordrar medlemar, andre privatpersonar og bedrifter til å gje ei større eller mindre pengegåve, som i sin heilheit skal gå til egenkapital bygging og utvikling av kunstgrasanlegget.

Dersom du vil gje ei gåve, så betal inn til Gulen FK sin konto **3705.05.05503**.

*Merk: Gåve kunstgrasbana.*

*Gulen Fotballklubb*

## 30. september 2012 er det Jubileumsgudsteneste for Brekke kyrkje - 150 år

Gudstenesta tek til kl. 11.00 og vi lovar høgtid(!), og etterpå er det mat og fest-program i Risnehall. Programmet er i ferd med å bli ferdig, og vi trur det blir veldig flott! I tillegg blir det arbeidd med eit sogeskrift som du kan få kjøpe. Sett av dagen. Dette er ei storhending!!

Brekke sokneråd har mykje dugnadsarbeid på gang i år. Du er hjarteleg velkomen til å vere med! Arbeidet blir organisert av Steinar Østerbø. Ta kontakt på tlf. 901 65 628.

Soknerådet har også eit stort ønskje om at gravsteinane på kyrkjegarden skal bli retta opp. Nokre ligg nede, andre står på skakke. Dersom du kjenner til aktuelle pårørande for nokre av desse gravene, så tips dei, eller gje kyrkjevevja opplysningar, slik at vi kan få retta dei opp.

Med helsing Brekke sokneråd

## Vassområde Ytre Sogn - fotokonkurranse

Likar du å fotografere? Vassområde Ytre Sogn vil gjennom 2012 arrangere fotokonkurransen "Vatn i Ytre Sogn", med nytt tema kvar månad. Kvart månadstema vil ha utgangspunkt i vatn.

Temaet for juni månad er "fiskesesongen har starta"

**Kvar månad trekkast det ut ein månadsvinnar som får 1.000 kr. og som blir med i konkurransen om årets bilete og hovudpremie på 5.000 kr**

Meir informasjon finn du på [www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no) eller Gulen kommune si heimeside [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)